

201302845-17
KV/GENN 312

Grunneigarane på g.nr. 59 – Sundal
v/Stig Fredheim
Sunndalsvegen 672

5476 Mauranger

NVE Konesjons og tilsynsavdelingen
2013
Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

4. desember

**Konesjonssøknad for overføring av Middagsvatnet til Mauranger Kraftverk,
Kvinnherad Kommune.
Høyringsuttale.**

Vi er medeigarar både ved Middagsvatnet og Øvre Trommetjønn, samt eigarar av litt av fallrettane. Ut frå dette er vi godt orientert om reguleringsplanane, samt det som har skjedd undervegs.

Middagsvatnet er det siste vatnet, - av litt størrelse, - som vi eig/eller er medeigarar i som ikkje er regulert. Sjølv om inngrepa er begrensa vil reguleringa føra til endringar. Noverande utløp vil bli stengt, og vannstraumen i vatnet vil bli snudd. Begge desse inngrepa må seiast å berøre våre vassrettigheter i området.

Middagsvatnet er i dag ei "perle" som bør takast vare på. I tillegg vil reguleringa omfatta svært små vassmengder for utbyggjar på årsbasis.

Ved store nedbørmengder, samstundes med sterk snøsmelting, er det store vassmender som vert tilført Møsevatnet. For å unngå storflaum i Austrepollen vert difor "Bondhusoverføringa" stengt i enkelte periodar. Alt vatnet renn då ut i Bondhuselva, som renn i sjøen på Sundal sin eigedom.

Vi har hatt tre slike flaumar dei siste åra der Bondhuselva har hatt ekstremt høg vassføring. Etter vårt syn er det berre flaks at desse flaumane ikkje har ført til stor skade på våre eigedomar.

Vi er redd for at regulering av Middagsvatnet vil føra enno større vassmengder i Bondhuselva, når Bondhusoverføringa blir stengt. Vi veit at slik stenging er heilt nødvendig av og til, men vi kan ikkje sjå at dette er vurdert i konesjonssøknaden.

Konklusjon:

Ut frå ei samla vurdering går vi inntil vidare imot konsisjonssøknaden som gjeld regulering av Middagsvatnet.

Vi ynskjer konkret svar på om reguleringa vil føra til auka vassføring i Bondhuselva.


Ynskjer og meir utfyllande svar på kva som vera Sundal sin situasjon når det gjeld sjølve reguleringa.

Med helsing

Grunneigarane på g.nr, 59 Sundal



Br,nr 1 Bjørn Olav Bondhus



Br,nr 2 Stig Fredheim



Br.nr. 4 Magne Sundal